

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 23. juni 2023

Stad: Hol kommune, kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Herbrand Jegleim	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Hege Mørk	Gol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Olav Skinnnes, Fylkesråd for kultur og mangfald
Bjørn Siem Knudsen, adm
Iselin Haugo Stavn (H)
Magnus Weggesrud (Sp)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, prosjektleiar Sats på Hallingdal
Jorun Utne, Regionalutviklar

Forfall

Stephan Gundersen	Hemsedal kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Anders Halland	Nesbyen kommune

SAK 39/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 26. MAI 2023**Vedtak:**

Protokollen 26. mai 2023 er godkjent.

SAK 40/23 ORIENTERING OM NYE STUDIETILBOD FRÅ FOLKEUNIVERSITETET

Reidar Brandsberg frå Folkeuniversitetet orienterte om nye studietilbod. Sjå vedlegg.

Vedtak:

Vidare dialog mellom kommunane i Hallingdal og folkeuniversitetet går via kommunedirektørutvalet.

SAK 41/23 PRESENTASJON AV NESBYEN HISTORISKE OPPLEVELSER

Anne Marie Kollhus og Anna Kollhus presenterte innhaldet i Nesbyen historiske opplevelser. Sjå lenke [Nesbyen historiske opplevelser | Visit Nesbyen](#)

Vedtak:

Regionrådet ber administrasjonen ta initiativ til eit møte tidleg i haust, der ulike aktørar frå alle kommunar deltek, og der målsettinga er at ein får til ei liknande ordning i Hallingdal - Hallingdal historiske opplevelser.

SAK 42/23 SAMFERDSELSSAMARBEID MELLOM NÆRINGS LIV I HALLINGDAL OG RINGERIKE

Terje Dahlen og Knut Arne Gurigard orienterte om planane for eit styrka samferdselssamarbeid mellom næringslivsaktørar i Hallingdal og Ringerike. Sjå vedlegg

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal støttar initiativet om eit samferdselssamarbeid mellom næringslivsaktørar i Hallingdal og Ringerike.

SAK 43/23 MEDLEMSKAP I «SUNNE KOMMUNER»

Jorun Utne orienterte om kva «Sunne kommuner» er og kva eit medlemskap vil innebære for kommunane i Hallingdal. Sjå vedlegg

Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal tar orienteringa om Sunne kommuner – WHO's Healthy Cities Nettverk til orientering.
2. Den enkelte kommune tar stilling til om dei ynskjer å søke om medlemskap i nettverket.

SAK 44/23 SØKNAD OM STØTTE FRÅ LANDSKAPPLEIKEN**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal støttar søknaden frå Landskappleiken med kr. 40000. Pengane skal først på «strategisk plan»

SAK 45/23 SATS PÅ HALLINGDAL «HALVÅRLEG STATUS»

Maria Grevsgård gav eit halvårsstatus for Sats på Hallingdal. Sjå vedlegg

SAK 46/23 HALLINGDAL.NO – KVA ER GJORT ETTER HALLINGTINGET OG VEGEN VIDARE

Jorun Utne og Morten Sohlman orienterte om kva som er jobba med på felles profilering etter Hallingtinget i april. Det vart drøfta ulike løysingar, eigarskap, involvering og forankring

Vedtak

Regionrådet ber administrasjonen jobbe vidare med nye nettsider og at det blir søkt midlar for utvikling av sidene.

SAK 47/23 NYTT FRÅ VIKEN

Olav Skinnes orienterte om nytt frå Viken.

- Delingsprosessen går bra. Det er stor ro blant dei tilsette i fylkeskommunen og det er semje om at verdiar og gjeld blir fordelt ut frå kva ein hadde med seg inn og elles etter folketal i dei tre fylka.
- Viken jobbar med «sømløs billettering». Målet er at ein kan reise på ein billett på alle busselskap og tog i Oslo og Viken.
- Viken jobbar vidare med utsleppsfri kollektivtransport. I 2028 skal all kollektivtransport vera utsleppsfri.
- NTP prosessen. Fylkestinget har vedtatt at Viken si prioritering i høyringa til samferdselsdepartementeter at Ringeriksporteføljen skal ha pri 1 på bane og at Hallingdalsløysinga er pri 4 på vegprosjekt.

SAK 48/23 EVENTUELT

Møte med SVV

Dagleg leiar tek initiativ til eit samferdselsmøte med Statens vegvesen og Viken Fylkeskommune i haust

Frå møte i SLT

SLT ber om at det kan fattast eit langsiktig vedtak på 10. klasseavslutninga som blir arrangert på Ål kvart år i juni. Regionrådet rår forsikringsutvalet til å løyve kr 150 000 til arrangementet.

Domstolsreform

Tore Haraldset etterspør når domstolsreforma skal behandlast i Stortinget. Regionrådet sender eit brev til Stortinget.

Kjøring på lukka området

Solveig Vestefor lufta eit forslag om å vurdere bilkøyring på lukka bane på Dagali for fartsglad ungdom. Det vart drøfta i Regionrådet, og konkludert med at dette er ei sak for SLT.

Taxi

Det har kome eit brev til Regionrådet frå Styreleder Kjell Ar. Andersen i Norges Taxiforbund avd. Buskerud. Dei er bekymra for drosjenæringa i dalen. Merete Gandrud tek kontakt med drosjeeigar Sæterstøen på Flå for å sjå om det er grunnlag for å ta saka vidare i neste Regionrådsmøte og ev. invitere Jan Geir Solheim frå Lærdal.

Hallingdal 31. mai 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar